



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Til tilsette i Møre bispedømmeråd  
Prestar!  
Tilsette på bispedømmekontoret

Den norske kyrkja er i endring. Etter innføring av «Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)» ligg det til kyrkjemøtet å gjere vedtak om ny kyrkjeordning. Fleire modellar for kyrkjeordning er vurdert. No er prostirådmodellen sendt ut på høyring. Kort skissert er intensjonen i denne at dagens ordning med fellesråd er føreslått erstatta av eit prostifellesråd.

Saka blir i desse dagar sendt som høyringssak til alle kommunar og til høyringsinstansane i Den norske kyrkja. Høyringsfristen for kommunane er 15. oktober. Høyringsfristen for kyrkjelege råd og utval er sett til 1. desember.

I Møre bispedømme har bispedømmerådet peika ut ei prosjektgruppe til å leie informasjonsarbeidet fram mot frist for å sende inn høyringssvar. Prosjektgruppa har arbeidd ut ein behandlingsplan som skisserer dei ulike arenaene for informasjon og samtale. Denne er lagt ved. Av planen går det fram kven som er representert i gruppa og at formålet er å gi informasjon og invitere til samtale før dei ulike høyringsinstansane skriv sine høyringsuttalar.

Oppretting av prostifellesråd kan endre tilsetjingstilhøve og ramme for alle som er tilsett i Møre bispedømmeråd, både prestar og tilsette på bispedømmekontor. Samstundes som vi er tilsette, har også mange av oss rollar i samband med gjennomføring av høyringa. Sokneprestane er medlemmer i sokneråd og har leiaransvar lokalt. Tilsette i bispedømmekontoret skal førebu høyringssaka for bispedømmerådet. De blir utfordra til å vere medvitne dykkar eigen rolle, og arbeide slik at dei ulike høyringsinstansane kan fatte vedtak på best mogleg grunnlag. Uavhengig av framtida si kyrkjeordning, skal vi vere kyrkje, både no og i tida som kjem.

Høyringsdokumenta og høyringsspørsmåla er no offentlege og dei er lagt ut på [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no). Der ein kan de kan velje fana «slik styres kirken», kirkerådet» og til slutt «høringer i kirkerådets regi» Der kan de finne dei aktuelle dokumenta. Det er fint om de kan klikke dykk inn og lese dykk opp. Og det er bra om samtalen kan leve i staben og i kyrkjelyden i tida framover! På nettsida til bispedømmet [www.kyrkja.no/more](http://www.kyrkja.no/more) vil det snart bli oppretta eiga fane der de kan finne dei ulike dokument og der nyhende og varslingar vil bli lagt ut. Følg med!

Vi vil særleg informere om to viktige arenaer for informasjon og samtale. Den eine er på Stiftsdagane i Geiranger. De har fått tilsendt invitasjon til denne samlinga. I tillegg til utarbeiding av høyringsuttalar frå sokneråd og fellesråd, vil vi også gjerne informere om dei fire regionale møta som vi inviterer sokneråd, fellesråd og tilsette til. Desse er planlagde slik: 21/09 Volda, 22/09 Ålesund, 28/09 Molde, 29/09 Kr.sund. Det er fint om de kan setje av datoen og prioritere samlingane og det er fint om de kan framsnakke ved å gi eiga stemme til ein konstruktiv, vennleg og tydeleg samtale.

Kyrkjeverjelaget har i dag informert kyrkjeverjene om prosjektgruppa sitt arbeid, og om dei aktuelle datoane i behandlingsplanen.

Men før hausten kjem med alt sitt, så kjem det vonaleg ein god sommar. Og ferie! Vi har lagt bak oss ei utfordrande tid i kyrkja, pandemien har sett spor i oss på mange vis! Heldigvis ser vi lysare på framtida, og håpar på ein god haust utan store smittevernutfordringar. Vi gler oss til Stiftsdagar! Meld dykk på!

Med ynskje om ein god sommar, med både kvile og kveik!

På vegne av prosjektgruppa

*Arvid Helle*

leiar kyrkjefagavdelinga  
Møre Bispedømme  
Moldetrappa 1  
6415 Molde  
Mobil 41216956